



# Aursjokraft

100%  
rein vasskraft frå  
Skjåk Energi

# Aursjokraft - 100% rein vasskraft frå Skjåk Energi

Visste du at nesten 90 % av energien som bedrifta di nyttar kan kome frå energikjelder som er skadelege for miljøet? Ved å bestille Aursjokraft med opphavsgaranti er du sikra 100 % rein vasskraft frå Skjåk.

Det er utruleg, men heilt sant. Sjølv om du trur at du får strøm frå miljøvenlege kjelder, er det ikkje sikkert at meir enn 12 % av strømmen kjem frå fornybare kjelder.

Det betyr at heile 88 % av energien som blir brukt til å drive datamaskinene på kontoret ditt, mjølkeroboten i fjøset, eller maskinene i verkstaden din, kan kome frå fossil energi eller kjernekraft.



**51 000 kilo**  
**VS**

**30 kilo**



**Konsekvensane for miljøet ved å nytte strøm utan opphavsgaranti kan vera enorme.**

Vi kostar på oss eit lite døme. Dersom bedrifta di har eit årleg energi-forbruk på 100 000 kWh, kan du bidra til eit klimagassutslepp på nesten **51 000 kilo**.

Dersom du i staden nyttar vasskraft med opphavsgaranti, er det totale klimagassutsleppet på berre **30 kilo**.



100%

Berre miljøargumentet  
talar for seg sjølv.



Du går glatt frå å vera  
klimaversting til å bli  
best i klassa ved å  
bestille vasskraft med  
opphavsgaranti.

# Difor kjøper vi Aursjokraft

” For oss er det viktig at både produkta i seg sjølv, og alt vi treng for å lage produkta, er mest mogleg miljøvenleg. Ved å kjøpe Aursjokraft bidreg vi til ei bærekraftig utvikling. Mest lokalt, men og globalt. ”

*Sissel Brenna, dagleg leiar Skjåkmat/Skjåk Turistheim*

” Vi ser det som ei naturleg oppgåve å gjera det vi kan for å forvalte naturressursane best mogleg. Opphavsgarantien som vi får ved å kjøpe Aursjokraft er eit synleg bevis på at vi bidreg positivt i miljørekneskapet. Det hjelp oss å få nye kundar, slik at vi kan trygge arbeidsplassane og bidra positivt for skjåksamfunnet også på den måten. ”

*Arlid de Presno, dagleg leiar Interfil AS*

” Vi ynskjer å vera leiande i vår bransje når det gjeld miljøvenleg og bærekraftig produksjon. Ved å handle lokalprodusert, 100 % rein vasskraft, får vi eit synleg bevis på at vi er blant dei beste. ”

*Svein Gudbrand Lund, Fabrikk- og utviklingsjef Glasopor*

# Tre grunnar til å at bedrifta di bør bruke Aursjokraft:

# 1

Du bidreg til å spare  
miljøet for enorme  
klimagassutslepp

# 2

Du står sterkare  
i anbod

# 3

Du kan lettare få fleire  
kundar og større  
omsetjing



Dei andre argumenta for å nytte Aursjokraft er viktigare for bedrifta di enn for miljøet vårt, men ein god bonus som du får på kjøpet. Miljø blir nemleg vekta stadig meir når private og offentlege verksemder skal velje leverandørar.

Ved å kunne bevise at bedrifta di får strøm frå 100 % rein vasskraft, står du rett og slett mykje sterkare i kampen om kundane.

Du kan altså få både fleire kundar og større omsetjing – samstundes som du sparar miljøet for store klimagassutslepp.

Ta ein prat med Skjåk Energi om Aursjokraft i dag, slik at vi kan hjelpe deg til å spare miljøet.



Skjåk Energi Kraft  
Moavegen 28A, 2690 Skjåk  
Telefon: 612 13 800  
E-post: post@skenkraft.no

[www.sken.no](http://www.sken.no)